

**Fra:** annesofie.dalberg <annesofie.dalberg@gmail.com>  
**Sendt:** onsdag 16. november 2022 11:30  
**Til:** Post Austrheim  
**Emne:** Byggmelding ang Grillhytte  
**Vedlegg:** received\_653305049538064.jpeg; received\_438184338284752.jpeg;  
received\_690633575985892.jpeg; received\_442273368070849.jpeg;  
received\_797024731558626.jpeg; received\_503657201691241.jpeg;  
20221115\_183003.jpg; 20221115\_180528.jpg

Anne Sofie Dalberg  
Viken 63  
6843 Skei i Jølster

Skei 16.11.2022

Austrheim kommune  
Plan, bygg, oppmåling og miljø  
Sætremarka 2  
5953 Austrheim

### **Byggmelding for oppføring av Grillhytte på gbnr 148/109.**

Prosjektet vart starta opp sommaren 2020. Bygget er oppført av delvis mur, treverk og skyvedører av glas.

Det skal ikkje kleast innvendig. Arealet er ca 20 - 22 m2.

Son min, Arild Dalberg, har bygt den. Vi hadde hjelp av snekkar Svein Storebø til å setje opp hjørnestendarar/dragarar og sperr.

Sommaren 2022 har Arild murt grill/open peis. Eg har hatt kontakt med Brannvesenet i Austrheim/ Alver kommune ang krava til oppføring av røykrør/pipe. Drøfta det med ein feiar, og fekk munnleg godkjenning på at planane vi hadde, stetta krava. Pipa er oppført av blikkenslager Jørn Bernes, etter dei krava som gjeld. Den var ferdig i slutten av oktober.

Bygget er oppført med to veggjar parallelt og vinkelrett på hytta, dei andre ma vegg mot nærast nabo, føl tidlegare utskote terreng.

Næraste naboar, Reidun og Jan Erik Erstad, er orienterte om prosjektet og har ikkje hatt nokon innvendingar mot det. Bygget ligg godt skjerma pga at hytta er senka i terrenget. Høgda på skjeringane er +/- 2,5 m. Legg ved nokre bilete for å syne dette.

Prosjektet er også sommaren 2021, drøfta med teknisk etat v/ ma Toft, pr telefon.

Syner elles til vedlagt skisse med mål.

Håpar på godkjenning av byggmeldinga. På førehand takk.

Venleg helsing  
Anne Sofie Dalberg

Tlf nr 917 22 924

Sendt fra min Galaxy